

Notat

Til: FRM-stab - Økonomi

Frå: Kontrollutvalet

Justering av budsjett 2016/økonomiplan 2016 – 2019 - kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i budsjett for 2016, og økonomiplanen for perioden 2016 – 2019 lagt til grunn tre føresetnader som må kommenterast. Det er:

- a. Kontrollutvalet budsjetterer med kostnader som tidlegare utval har hatt høve til tildelt ramme. Dette prinsippet er, etter det sekretariatet har kunnskap om, det rådande prinsippet ved budsjettering for året etter nyval. Kven som vert valt inn i dei forskjellige politiske utval vil vere bestemmande for kostnadsstrukturen for utvala. Det viser seg at det nye kontrollutvalet har eit anna kostnadsbehov enn utvalet i førre periode. Kostnaden pr reise eller møtedag har auka med 18%. Dette har primært sin grunn i vederlag for tap av inntekt og noko for reiseavstand i fylket. Ny kostnadsstruktur vil utgjere om lag **kr. 57 000** i meirkostnad pr år i reiserelaterte kostnadar gjeldande frå og med 2016.
- b. Kontrollutvalet har for perioden 2016 – 2019 eit kontrollutval på fem medlemmer som tidlegare. Varamedlemmane er i rekkjefølgje, altså ei felles varamedlemsliste. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 47/15, med atterhald om budsjettmessige tilpassingar, at 1. vararepresentant skal stille på alle møta. Formålet med vedtaket var at vedkomande representant skal få kjennskap til utvalet sine saker og sakshandsaming. Dette vil styrkje kontrollarbeidet i utvalet. Kostnaden ved at 1. vararepresentant stiller på møte, kurs og konferansar som eit vanleg medlem har ein kostnad på **kr. 110 000** pr. år frå og med 2016.
- c. Kontrollutvalet handsama og vedtok eige budsjett for 2016 i møte 26. august 2015. Budsjettet for kjøp av finansiell revisjon var då på kr. 1 627 500. Det var på det tidspunkt ingen signal frå SF revisjon om at budsjettet skulle aukast meir enn ordinær pris/lønsauke. I vedteke budsjett for 2016 er det rekna inn ein pris/lønsauke på om lag 2,7%. Vedteke budsjett (Fylkestinget des. 2015) for kjøp av revisjonstenester frå SF revisjon IKS er på kr. 1 671 500. Representantskapet i SF revisjon IKS vedtok 10. november 2015 budsjettet for 2016 med ei auke i innbetalinga frå eigarane med 8%. Dette utgjer ein auke i kostnaden for kontrollutvalet på kr. 86 000 for 2016 til 1 757 500. Kontrollutvalet ber om auke i ramma på **kr. 86 000** då denne auken ikkje er med i budsjetttramma til kontrollutvalet, og utvalet heller ikkje har påverknad på budsjettet til SF revisjon IKS.
- d. Kontrollutvalet har motteke førespurnad frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om å vere med å betale på forvaltningsrevisjon av Norsk Digital Læringsarena (NDLA) som er eit interfylkeskommunalt samarbeid der Sogn og Fjordane fylkeskommune er med. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 22/16 å løyve inntil **kr. 25 000** til dette føremålet. Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er ikkje

ein del av planlagde prosjekt, og kontrollutvalet ber dermed om tilleggsføring for dette prosjektet. Dette gjeld berre for 2016.

Kontrollutvalet ber om ei justering/auke i budsjett for inneverande år og for økonomiplanperioden slik:

Pkt. a.	kr. 57 000
Pkt. b	kr. 110 000
SUM	kr. 167 000

Kontrollutvalet ber om ei justering/auke i budsjett for inneverande år slik:

Pkt. c	kr. 86 000
Pkt. d	kr. 25 000
SUM	kr. 111 000

Kontrollutvalet fekk orientering om dette notatet 12. april 2016 i KU-sak 20/16 pkt. e. Utvalet gjekk inn for at notatet skal sendast som innspel til handsaming av 1. tertialrapport med tillegget under pkt. d.

Leikanger 12. april 2016 Einar Ulla